

## **Utleigeregler for Forsand bedehus**

Om ikkje anna er avtalt, kan leigetakar disponera den leigde delen av bedehuset den avtalte datoен. Ein kan gjere ei særskild avtale dersom det er naudsynt å få tilgang til huset utover dette i samband med pynting/rydding.

I helger der det er konfirmasjon både laurdag og sundag, må leigetakar laurdag rekna med å vera ferdig slik at leigetakar sundag kan få pynta om laurdagskvelden etter kl. 20.

Leigetakar er sjølv ansvarleg for å setja på varmen i lokalet, samt skru ned denne etterpå.

Det er ikkje tillate å nytta alkohol eller rusmidlar på bedehuset eller bedehuset sin eigedom.

Leigetakar er ansvarleg for skadar på innbu og inventar.

Før leigetakar forlèt bedehuset, er denne ansvarleg for:

- Mopp over golvet om naudsynt
- Plukka opp søppel/sopa opp rusk frå golva
- Vaska av borda
- Setje bord og stolar slik dei stod om ikkje anna er avtalt
- Vaska opp på kjøkenet
- Vaska kjøkengolvet
- Dukar skal leggjast i saman og leggjast på kjøkenet
- Gi beskjed til kontaktperson for bedehuset om eventuelle manglar/skade etc. som måtte ha oppstått
- *Forlat lokalet slik du sjølv ynskjer å finna dei!*

## **Branninstruks for Forsand bedehus**

Branninstruksen står oppslått på rauda lappar rundt om på huset.

Leigetakar pliktar å lesa/setja seg inn i branninstruksen som gjeld for Forsand bedehus.

1. VARSLE – brann må straks varslast brannvesenet over telefon 110.
2. EVAKUER – få ut alle som er truga av røyk og brann.
3. SLOKKA – prøv om mogleg å sløkkja brannen.
4. Lat att dører og vindauger.
5. Samlingsplass for evakuerte er i kroken på parkeringsplassen ved innkjørsla mot Ryggjaskaret.
6. Møt og informer brannvesenet når dei kjem.

### **Arrangøren sitt ansvar:**

1. Før møtet startar skal møteleigar/leigetakar
  - a. vera kjent med branninstruksen for Forsand bedehus
  - b. vera kjent med plassering og bruk av naudutangar og sløkkjeutstyr
  - c. anten sjølv, eller ved å avtala med annan person som er tilstade, vera ansvarleg for leiinga av ein naudsituasjon
  - d. avtala med annan person som er tilstade at denne har ansvar for evakueringa i ein naudsituasjon
  - e. avtala med annen person som er tilstade at denne har ansvar for å varsle brannvesenet over telefon 110, samt møta brannvesenet når dei kjem
2. Møteleiar/leigetakar har ansvar for at alle naudutgangar er frie og ikkje blokkerte av stolar/bord/etc.
3. Møteleiar/leigetakar har ansvar for at bilar ikkje er parkerte slik at dei er til hinder for brannvevesenet i ein naudsituasjon.
4. Møteleiar/leigetakar må forvissa seg om at alle har kome seg ut ved ein naudsituasjon.
5. Brannalarmanlegget varslar brannvernleiar for bedehuset, men varslar ikkje brannvesenet. Brannvesenet må difor varslast over telefon 110 i ein naudsituasjon. Sentralen står plassert i gangen i hovudetasjen.

### Ved bruk av levande lys:

- Rydd vekk papir og brennbart materiale i nærleiken.
- Levande lys skal ikkje setjast i trafikkerte soner eller på brennbart materiale.
- Lysa skal stå med god avstand mellom, gjeld også telys.
- Hald oppsyn med levande lys.
- Lysa må sløkkjast når ein forlèt rommet.